



Aurland, 06.10.2023

Vår ref.
20/397-28

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Kjell Bøe Bjørgum, 95 98 46 38

Arkiv
K2-K20

Merknad til høyringsfråsegn – Framlegg til innretting av nullutslepp i verdsarvfjordane frå 2026

Aurland kommune syner til høyringsfråsegn frå Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap i sak om framlegg til innretting av nullutslepp i verdsarvfjordane frå 2026.

Det er nyleg gjennomført kommuneval med konstituerande møte 05.10.2023, og underteikna er ny representant i verdsarvrådet frå Aurland kommune.

Verken ny eller tidlegare politisk leiing i Aurland kommune støttar fråsegna frå Verdsarvrådet. Då fråsegna vart handsama i rådet, oppfatta ikkje tidlegare representant frå Aurland i tide at framlegg til fråsegn ikkje var i samsvar med Aurland kommune sitt syn.

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap er eit konsensusorgan. Fråsegna som er sendt har ikkje grunnlag i konsensus blant rådsmedlemmane sine lokale og regionale myndigheiter, jf. uttale frå Aurland kommune, Stranda kommune, Vik kommune, Voss kommune, Fjord kommune, Vestland fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune. Fråsegna skulle difor ikkje vore avgjeven. Den gjev ikkje uttrykk for konsensus blant rådsmedlemmane.

Omstenda med høyringsfrist kring kommune- og fylkestingsvalet inneber at saka ikkje kan handsamast på nytt i Verdsarvrådet før alle rådsmedlem har konstituert nytt leiarskap, og deretter at rådet konstituerer seg sjølv. Aurland kommune vil ta initiativ til ny handsaming av fråsegna, men Sjøfartsdirektoratet lyt pårekna noko tid for dette.

Aurland kommune ber om at dette vert teke til vitande på noverande tidspunkt i samband med vidare handsaming av saka.

Med helsing

Kjell Bøe Bjørgum
Ordførar

Johannes Dalsbotten
Varaordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift